

|                             |   |
|-----------------------------|---|
| <b>Dato</b>                 | 12.02.2026  |
| <b>Tid</b>                  | 18:15 - 20:15   |
| <b>Sted</b>                 | NLM Sandnesporten konferanserom 2   |
| <b>Til stede</b>            | Sissel Marie Bjerga, Olav Erik Dahl, Ståle Halsne, Torbjørn Hovland, Margit Hunemo, Morten Nord-Varhaug, Helge Vatland, Lars Inge Vågen |
| <b>Fra administrasjonen</b> | Werner Larsen, Inger Line Indrebø   |
| <b>Forfall</b>              | Kari Nordhus  |
| <b>Referent</b>             | Inger Line Indrebø  |

## Agenda

---

### 15 / 2026 - Innkalling og saksliste

**Vedtak:**

Regionstyret godkjenner innkalling og saksliste.

### 16 / 2026 - Protokoll fra RS-møte

**Vedtak:**

Regionstyret godkjenner A-protokoll fra styremøtet 27.01.26.

### 17 / 2026 - Forts sak 5/26: Samtale ifm. boklansering av Liv Kristin S. Brundtland

Gunnar Bråthen var med via Teams i starten av møtet for å orientere om saken. Regionstyret fortsatte deretter samtalen og drøftet formulering av vedtak. Det ble fremmet tre forslag til vedtak.

Margit Hunemo fremmet følgende forslag:

- 1) *Styret i region sørvest vil be om at sentralstyret tar en ny og grundig evaluering av beklagelsene som kom før Misjon 25. Kan sentralstyret stå inne for det faktum at man beklager til alle involverte? Hvilke signal sender det?*

- 2) Styret i region sørvest vil be nasjonalt tilsynsråd om å drøfte i hvilken grad man følger opp egne retningslinjer om «egnethet» i forbindelse med verv og oppgaver til sentrale personer som kan ha misbrukt sin makt mens de var i posisjon.
- 3) Styret i region sørvest vil støtte opp om generalsekretær og sentralstyret i arbeidet med alle krevende saker, der de handler ut fra gjeldene lover og regler vedtatt av generalforsamlingen.

Margit trakk forslaget sitt til fordel for Sissel Marie Bjerga sitt forslag til vedtak.

Sissel Marie Bjerga fremmet følgende forslag:

*Regionstyret vil rette ein stor takk til Liv Kristin Steen Brundtland for den personlege kostnaden ho har tatt med skrive historia si i boka «I varetekt meg ta», og sine møte med Misjonssambandet. Boka avdekker sider av vår misjonshistorie som må tas på alvor og som me må lære av. Me er takknemlige for arbeidet som allereie er gjort saman med organisasjonen Sendt bort for å ta vare på og møte misjonærbarne sine historier og livserfingar.*

*Dei siste to delene av boka belyser også møter med tillitsvalde og tilsette i misjonen som er svært kritikkverdige. Regionstyret i sørvest ynskjer å kome med fylgjande oppmoding til sentralstyret og nasjonalt tilsynsråd:*

*1. Regionstyret ber sentralstyret om å kome med ei uttale og ei støtte frå sitt organ, til forfattar Liv Kristin. Det har vore svært stille i media etter boka kom ut, og det er krevjande for misjonsfolket at boka får stå åleine som historieforteljar i møte med eit breitt publikum utan at øvste mynde støtter og anerkjenne historia som kjem fram. Også jfr forfattars største ynskje om å ha skrive boka saman med Misjonssambandet, det er ei felles historie. Vårt Land har omtalt boka som ei gåve til misjonen, i det ligg det at no er det ein mulighet til å uttale seg. Boka avsluttast med at «framtida vil visa korleis NLM vel å skrive si historie. No finnes mi». Stillheita etter boka kom ut, bør følgast opp med ei uttale frå sentralstyret.*

*2. Generalforsamlinga i Stavanger avslutta forhandlingane med at hovudstyrets formann beklaga at hovudstyret ikkje hadde makta å skapa ro i organisasjonen. Etter generalforsamlinga har det vore svært stille, eit vakuum. Regionstyret bed sentralstyret evaluere kva ulike signal som vart gitt når ein sende beklagelsar både til utsette og til avsette, og ta med dette i vidare arbeid. Kan misjonen leve med den tvetydige handsaminga?*

*3. Regionstyret er glad for at nye varslingsrutiner er på plass. Å varsla om kritikkverdige høve i ein organisasjon er forbunde med stor belastning. Personar som varslar om kritikkverdige høve må fylgjast opp og tas vare på. Misjonssambandet har retningslinjer for seksuelle krenkelser, og rutine for diskriminering og krenkelsar. Korleis sikrar Misjonssambandet at utøving av makt frå leiande stillingar ikkje vert utøvd feil?*

*a) Regionstyret bed om at det vert synleggjort i stillingsinstruksar ansvar rundt makt og posisjon i leiarstillingar, slik at leiarar blir gjort tydelig klar over ansvar med posisjon.*

*b) Regionstyret bed om at det vert utarbeida retningsliner for korleis ein handterer situasjonar og varslingar der posisjon og makt har vore utøvd feil, og slik krenka andre?*

*c) Misjonssambandet er ein liten organisasjon, det er familiære band, venskap og tillitsband. Regionstyret bed sentralstyret og nasjonalt tilsynsråd om vurdere klarare rutinar for tilsettingar mtp habilitet og korleis ein vurderer «egnethet», spesielt mtp tilsettingar i leiarstillingar på ulike nivå som inneber ansvar der ein har ein maktposisjon ovanfor andre.*

*d) Misjonssambandet har mange tilsette i mange ulike stillingar (hovedkontor, region, institusjonar, utland). Regionstyret oppmodar sentralstyret til å lage ein undervisningsplan for tema som må belysast gjennom undervisning for alle tilsette (kall, misjon, makt, maktmisbruk, manipulering mm) Det beste vern mot gjentakning er å kjenne historia, men også å kunne sette gjenkjenne med ord det ein opplever. Ei slik undervisning kan vera med å ruste oss mot gjentakning.*

*e) Regionstyret i sørvest vil støtta opp om sentralstyret si handtering av krevjande saker, i tråd med gjeldande lover, og reglar vedtekne av generalforsamlinga.*

Forslaget fikk tre stemmer og falt. Ståle Halsne ba om å få protokollert at han stemte for dette forslaget.

Styreleder og administrasjonen fremmet følgende forslag:

*Regionstyret takker Liv Kristin S. Brundtland for at hun har delt sin historie gjennom boka "I varetekt meg ta".*

*Vi erkjenner at også vi som region kunne ivaretatt Liv Kristin og familien hennes på en bedre måte i årene som er gått.*

*Regionstyret verdsetter arbeidet som nå legges ned i Misjonssambandet sentralt, blant annet med å lage gode prosesser og retningslinjer for å forhindre at historien gjentar seg.*

Forslaget ble vedtatt med fire mot tre stemmer.

**Vedtak:**

Regionstyret takker Liv Kristin S. Brundtland for at hun har delt sin historie gjennom boka "I varetekt meg ta".

Vi erkjenner at også vi som region kunne ivaretatt Liv Kristin og familien hennes på en bedre måte i årene som er gått.

Regionstyret verdsetter arbeidet som nå legges ned i Misjonssambandet sentralt, blant annet med å lage gode prosesser og retningslinjer for å forhindre at historien gjentar seg.